

Tonje Glimmerdal



2015

DET
NORSKE
TEATRET

Joni

Glimme

rdal

Tonje Glimmerdal

AV MARIA PARR

DRAMATISERT AV IVAR TINDBERG

MUSIKK: RAGNHILD FUREBOTTEN OG TORE BRUVOLL

Tonje Glimmerdal, snart ti år **KJERSTI DALSEIDE**

Gunvald, 74 år, bestevennen til Tonje **BERNHARD RAMSTAD**

Heidi (Adelheid Zimmermann), dotter til Gunvald, 41 år **NINA WOXHOLT**

Pappa (Sigurd), sauebonde **GARD SKAGESTAD**

Klaus Hagen, eigar av Hagen Helsecamping **GEIR KVARME**

Sally, nabo, veit det meste **HILDE OLAUSSON/GRETHERYEN**

Nils, bur på trygdebustadane **PAUL ÅGE JOHANNESSEN/SIGVE BØE**

Post-Finn, går med posten, forelska i Lise **NIKLAS GUNDERSEN/ESPEN REBOLI BJERKE**

Lise, arbeider på ferga, forelska i Post-Finn **GJERTRUD JYNGE**

Theo, driv Theo Frisør **OLA G. FURUSETH/EIVIN NILSEN SALTHER**

Ole, 9 år, bur i byen **AKSEL MELKERSEN/OLE JANSEN ULFSBY**

Bror, 10 år, bur i byen **MARKUS HJORTH-JOHANSEN/MAGNUS BJERKE HOFGAARD**

Ei bikkje **CONAN/PERRO**

URPREMIERE 26. OKTOBER 2013 PÅ HOVUDSCENEN

NYPREMIERE 6. NOVEMBER 2015 PÅ HOVUDSCENEN

Foto: ERIK AAVATSMARK

Bilda er tatt i prøveperioden

I redaksjonen: IVAR TINDBERG, UNNI WALSTAD, ÅSNE DAHL TORP OG IDA MICHAELSEN

Grafisk formgjeving: MAKING WAVES

Trykk: PRINT HOUSE





Regissør **IVAR TINDBERG**

Scenograf og kostymedesignar **UNNI WALSTAD**

Lysdesignar **TORKEL SKJÆRVEN**

Lyddesignar **MORTEN A. JORSETT**

Dramaturg **MARI MOEN**

Inspisient **ERLEND STAMNES**

Sufflør **SISSEL LILLO-STENBERG**

Musikalsk innstudering **ESPEN LEITE**

Parykkmakar og maskør **KATJA LANGER**

Rekvisitør **FINN KIRKEBY**

Kostymekoordinator **TORHILD JENSEN**

Scenemeister **DANIEL RØNNING**

Lysmeister **RUNE ASPEGGEN**

Dialektkonsulent **MARIA PARR**

Bruk emneknagg #detnorsketeatret #tonjeglommerdal for
å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.

FØLG OSS



Facebook: [detnorsketeatret](#)

Twitter: [@detnorsketeatre](#)

Instagram: [#detnorsketeatret](#)

Eg er eldst av fire søsken, og det hende at eg i barndommen av og til tenkte at det måtte vere fantastisk deilig å ha alle dei vaksne heilt for seg sjølv. Så då eg skreiv om Tonje, så levde eg vel ut den draumen ei kort stund. Men når eg fortalde om det til ungar eg prata med, så gjorde dei meg fort merksam på at noko slikt i grunnen er ein forferdeleg lagnad. Noko eg jo var heilt dundrande einig i, når eg fekk tenkt meg om. Takk og lov for mine tre søsken! Og takk og lov for Ole og Bror, som etter kvart kom inn frå sida som nokre reddande englar i skriveprosessen for både meg og Tonje.

Maria Parr



*Glimmerdalskoret øver til kyrkje-
konserten dei skal ha i påska.*





*Klaus Hagen eig og driv Hagen
Helsecamping, som er den stillaste
campingplassen i landet. Han
kan ikkje fordra ungar.*



* Glimmerdalens vesle dunder *




*Tonje Glimmerdal er det
einaste barnet i Glimmerdalen.
Ho elsker spenning og lever
etter mottoet*

«fart og sjølvtilitt»

*Gunnvald, gudfaren og bestevennen
til Tonje, følgjer Tonje med kikkerten.
Gunnvald er sauebonde og bur åleine
på garden sin.*





*Han er fantastisk god til å spele fele.
Tonje elsker å høyre på han. Gunnvald
seier at «musikken er hjartet hans».
Tonje er så glad i Gunnvald at det
knakar i hjartet.*

Det skjer ikkje stort i Glimmerdalen, men plutseleg er det mykje som er på gang: Post-Finn har med eit brev til Gunnvald frå utlandet.





*Gunnvald blir veldig rar
i ansiktet når han får brevet.*



*Og plutseleg er det andre ungar
i Glimmerdalen. Tonje blir kjempeglad,
men så viser det seg at dei berre er
ute etter å slåst.*






Tonje og gutane skværar opp og blir vener. Dei leikar og har det fint, men så finn Klaus Hagen det for godt å jage ungane frå campingplassen og tvingar dei til å forlate Glimmerdalen.

Gunnvald snublar i kaffikjelen, trur han skal døy og blir køyrt til sjukehuset i byen. Tonje besøker han der og får i oppdrag å poste eit brev til Tyskland.



A woman with long, wavy brown hair is shown in profile, looking towards the left. She is wearing a thick, grey, textured knit jacket over a dark top and a striped scarf. She has a large, orange and grey backpack on her back. In her right hand, she holds the leash of a large, black, shaggy dog. The background consists of a plain, light-colored wall with a dark, stylized silhouette of a mountain range. The lighting is soft, highlighting the woman's features and the texture of her clothing.

Det kjem ei mørkhåra stor dame med ein diger hund til Glimmerdalen. Ho er dotter til Gunnvald, viser det seg, og budde i Glimmerdalen då ho var jentunge. Kvifor er det ingen som har fortalt Tonje noko om dette? No påstår dama, som heiter Heidi, at Gunnvald har gitt henne garden sin. Ho er uvennleg og Tonje forstår ikkje kvifor Gunnvald ikkje har fortalt om dottera.

Heidi vil ikkje besøke Gunnvald, og så fortel ho Tonje at ho skal selje garden til Klaus Hagen. Han ser på garden som ei gullgruve og snakkar om hyttebygging. Dette må Tonje prøve å hindre.




Tonje og Bror skriv eit anonymt brev til Heidi der dei trugar med å ta frå henne hunden om ho sel garden. Tonje blir angripen av hunden, Heidi avlivar han, og Tonje kjenner seg skuldig. Somme ting kan ein berre ikkje gjere noko med. Ein kan berre håpe at Heidi kjem på betre tankar og ikkje sel garden likevel.



*Tonje og Heidi tar seg ein alvorsprat og dei
skjønar at dei eigentleg likar kvarandre godt.
Tonje gir Heidi ein kvalp i gåve.*





GLIMMERDALSETRA

VESLE-HAMMAREN

LYSTHUSET

GUNNVALD
SIN GARD

TONJE SIN
GARD

SALLY

EVENTYRSKOGEN

GRANSKØGEN BESTFAR
TIL GUNNVALD PLANTA.

SOMMARFJØSEN

Tonje Glimmerdal

GLIMMERDALSELVA

HAGEN
HELSECAMPING.

PETER OG MOR HANS

THEO
FRISØR

TRYGDE BUSTADANE

KIOSKEN

BUTIKKEN ↑



Gunnvald er blitt frisk og skal heim til bygda. Tonje håpar at han og Heidi endeleg kan skvære opp og bli vener, slik far og dotter burde vere. Men da Gunnvald kjem heim, viser det seg at Heidi har reist tilbake til Tyskland.

Tonje får Gunnvald til å ringe til Heidi i Tyskland. Først legg Gunnvald på røyret, han klarer ikkje å seie eit ord. Da får Heidi ein idé. Han kan jo spele på fela si og la musikken tale.



Folk i bygda er spente på kva som no skjer.





*Glimmerdalskoret har påskekonserter.
Gunnvald spelar, men plutselig lét
og ei anna fele. Heidi er komen tilbake
til Glimmerdalen og far og dotter
spelar saman.*




Kva skjer no med garden til Gunnvald?



OPPSKRIFT PÅ DRITKUL KJELKE







Finn fram ein gamal sykkel og skru av hjula så du berre har ramma igjen. Så tek du nokre miniski eller gamle slalåmski som du monterer fast der hjula stod. Sett fast ei stang på gaffelen framme, så kan du bruke beina til å styre med!

God tur, og hugs hjelm!

*Beste helsingar frå
Trond med Hammer ´n
(Kjend frå NRK Super)*







TONJE-LUA

GARN: Rauma finullgarn

Pinnar nr 2 ½ og 3, både rundpinnar og strømpeginnar

Strikkefastleik: 26 m = 10 cm

Legg opp 100 m på p rundp nr 2 ½ og strikk vrangbord, 1 r m 1 v r ca. 4 cm. Byt til p nr 3 og strikk til lua måler ca. 18 cm. Om ein vil bruke ein annan garntype, som t.d. Sisu, må ein legge opp 120 masker.

NO SKAL LUA DELAST I 2 SPISSAR


Fordel halvparten av masketalet (50m) på 4 p.

Fell 1 m i beg. av 1. og 3. p og slutten av 2. og 4. pinne kvar andre om heilt til det står 4 m att. Trekk tråden gjennom desse m.

DUSKAR: Lag duskar av raudt garn og fest dei i kvar spiss.

Design av Tonje-lua og vottar er ved Unni Walstad.

Strikkeoppskrifta er utvikla av Turid Bjercke.





TONJE-VOTTAR

Legg opp 40 m på p nr 2 ½. Strikk vrangbord.

(1 r, 1 vr) rundt ca 5 cm.

Set eit merke rundt den første m på omgangen.

Skift til p nr 3. og strikk glattstrikk mens du aukar til tommelkile slik: Auk på kvar 3. omg. 1 m på kvar side av merkem. (2 m meir mellom aukingane kvar gong).

Auk slik 3 gonger = 7 m til kile.

Hald fram å strikke til votten måler 4 cm frå vrangborden.

Sett dei 7 kilem på ein tråd.

Legg opp 3 m = 42 m.

Hald fram 9 cm. Fell 2 m i kvar side


(2 m rett sm og 2 m vridd sm) på kvar omg til det står att 6 m. Klipp av tråden og dra han gjennom m.

Den andre votten blir strikka som den første, men tommelkilen skal strikkast frå den siste m på 4.p

TOMMEL

Set de 7 kilem på ein pinne, plukk opp 5 m, og fordel alle dei 12 m på 4 p. Strikk 3 ½ cm. Fell 2 m i kvar side på kvar omg til 4 m står igjen. Klipp av tråden og dra han gjennom maskene.

Broder snøkrystallar med kjedesting på lue og vottar med raudt garn.



Aksel Melkersen


EG LIKTE BEST Å SPELE FOTBALL
OG Å SPELE DATASPEL.



Hilde Olausson

EG LIKTE Å FORTELJE LANGE HISTORIER
TIL MEG SJØLV MEDAN EG SYKLA.

KVA LIKTE DU Å GJERE SOM 9-ÅRING?



Eivin Nilsen Salthe

VI BUDDE SÅ OG SI HEILE SOMMAREN
PÅ FOTBALLLØKKA I NABOLAGET
OG LATA SOM VI VAR RONALDO,
ZIDANE OG MALDINI.



J TILLEGG TIL Å KLE MEG UT SOM DAME, TYDELEGVIS (?),
LIKTE EG BEST Å SJÅ TIPPEKAMPEN KVAR LAURDAG KLOKKA 16.



Gard Skagestad




Geir Kvarme

EG LIKTE Å STÅ PÅ GREFSEN STASJON OG SJÅ TOGA
SOM SUSTE FORBI, EG HADDE DILLA PÅ TOG OG
HADDE HEILE RUTETABELLEN I HOVUDET.



Tore Bruvoll

EG LIKTE BEST Å TA EIN GOD KOPP KAFFI
I SKOGEN ETTER EI LANG BEISEØKT.



Paul Åge Johannessen

EG LIKTE BEST Å SPELE TROMPET OG
Å LAGE HYTTE HØGT OPPE I TRE.



Ivar Tindberg

EG LIKTE BEST Å FÅ VERE SEINT OPPE MED DEI
VAKSNE SÅ VI KUNNE SPELE VISER OG SYNGJE
FLEIRSTEMT.




Torkel Skjærven

EG LIKTE BEST Å BYGGJE HYTTE
I LAG MED KAMERATANE MINE.



Grethe Ryen

EG LIKTE BEST Å PRATE OG KJELE
MED DYR, ANTEN DET VÅR KATTAR,
HESTAR, KYR ELLER GEITER.




Ole Jansen Ulfsby

EG LIKTE BEST Å BADE
OG Å SPELE FOTBALL.



Magnus Bjerke Hofgaard

EG LIKTE Å LEIKE PIRAT
OG Å SPELE BASKETBALL.



Unni Walstad

EG LIKTE BEST Å DAGDRØMME MEG
VEKK FRÅ SKOLEN OG Å TEIKNÉ.



Maria Parr

EG LIKTE BEST Å LEIKE I SKOGEN
OG I FJØRA, OG Å SPELE FOTBALL.



Bernhard Ramstad

EG LIKTE BEST Å LAGE HØYRESPEL
MED BANDOPPTAKAREN MIN.




Ola G. Furuseeth

EG LIKTE BEST Å LIGGE PÅ GOLVET
I LOFTSROMMET MITT OG
LEIKE MED LEGOBYEN MIN.



Niklas Gundersen

EG LIKTE BEST Å LESE LUCKY LUKE
OG Å VERE MED PAPPA PÅ JOBBEN
PÅ TEATERET.



Espen Reboli Bjerke

EG LIKTE Å LEIKE INDIANAR, MEN STOD
OFTE BUNDE TIL EIT TRE I SKOGEN FORDI
DET VAR SÅ MANGE COWBOYAR.




Markus Hjorth-Johansen

EG LIKTE BEST Å PRATE MED
BESTEVENNEN MIN.




Nina Woxholt

EG LIKTE BEST Å LAGE HEMMELEGE
KLUBBAR MED VENNINGENE MINE.



Ragnhild Furebotten

EG LIKTE BEST Å SPELE FELE
OG Å LEIKE BOKSEN GÅR.



Sigve Bøe

EG LIKTE Å SPELE TEATER VED ROGALAND
TEATERS BARNTEATER. DER BLEI EG
SMITTA AV TEATERBASILLEN!











Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket

Tonja Glimmerdal av Maria Parr
[programredaksjon: Ivar Tindberg]



16g113276

www.detnorsketeatret.no
BILLETTLUKA: 22 42 43 44

MAKING WAVES 



DETNORSKE



OBOS

